



Snakkast på fjorden

ØVING GJER MEISTER: Her må dei øva og øva.

Elevlar frå fjerde til og med sjuande trinnet ved Rubbestadneset skule fekk læra om sjøvit onsdag føremiddag.

Somme fekk vera med på segltur med seglskuta «Seladon», medan resten av elevane fekk ro. Med fem par årar hadde dei ei utfordring frå hurtigbåtkaien til Furuneset i motvind.

Det var svært låg fjæra då skuleungane skulle ned i den store robåten med fem par årar. Kjell Magne Økland, i regi av Kystsogevøkene og prosjektet Snakkast på Fjorden, ville læra elevane, både å ro og godt sjømannskap. Om bord i seglskuta stod kaptein Einar Matre, medan styrmann Eirik Lied stod på land så lenge, klar til å kasta loss.

Med vindkraft

– I dag skal alle elevane læra pålestikk, om dei vil hugsa det for ettertida vil visa seg. Men før dei går frå borde skal dei i alle fall fått teken på det, fortel kaptein.

Vidare skulle elevane læra å kle seg for eit vått og kaldt miljø. Dei fekk høyra om nedkjøling og læra om effektive redningsmetodar for korleis dei kan berga seg i sjøen. Dei skulle setja segl, dra i dei rette tampane og stramma skikkeleg. Så vart det noko om godt sjømannskap generelt, sjølvstø.

Utpå fjorden og langs holmane fekk elevane høyra historier frå området.

Med årekraft

Det var ikkje noko alminneleg færing det var snakk om for dei som skulle ro. Ein stor plastrobåt med fem par årar var det, så her fekk dei utfordra samarbeidskunstane sine.

Desse elevane fekk også læra om å kle seg for kulde, væta og sjøsprøyt. Det kunne fort bli litt av begge deler onsdag. Lærar Åse Rønningen var med og rodde. Vêret onsdag var akkurat passe til å læra seg både det eine og andre. Gråvær, god bøl og ruskete sjø – alt låg til rette for ei skikkeleg sjømannsøkt, med årakraft.

Meistringskraft

Medan to grupper elevlar var på sjøen, heldt resten av elevane til i Furuneset. Her rydda dei plast og boss, medan dei venta, og dei fekk kjenna på poenget med å kle seg lurt, for det var både røtt og kaldt. Nokre måtte til og med be om meir klede heimanfrå.

– Me hadde ei oppgåve der me berre kasta frå oss flasker og slikt på sjøen. Etterpå måtte me samla det saman igjen, forklarte Carmen Kvernesnes på 7. trinnet.

– Då fekk me sjå kor mykje lettare det er å kasta frå seg enn å samla saman igjen.

Og samla gjorde dei, pitte små plast-bitar og snorer, så små at ein knapt kunne sjå dei, men bort skulle dei.

– Det kan driva ut i sjøen og bli til mikropplast, forklarte sjetteklassingane Markus Hollund Adnanes og Nikolai Mæland, som nett plukka opp ei ørlita plastsnor.

Så såg dei roarane der ute på fjorden og ro-takten hadde openbert komme seg. Når desse roarane kom i land, skulle dei eta i lag med ryddarane. Deretter byta dei og ryddarane skulle ut å ro.

Berekraft - den naturlege skulesekken

Lærar Åse Rønningen fortel at dei skal jobba med naturen heile året ved Rubbestadneset skule, i samband med den Naturlege Skulesekken.

Dei har eit team lærarar for heile mellomtrinnet; det vil seia elevane på femte til og med sjuande trinnet. Så her skal dei ut på ulike ekspedisjonar gjennom skuleåret.

Denne deltakinga i Kystsogedagane og «Snakkast på Fjorden» er ein del av opplegget.

Tekst og foto: Mariann Gerdsondotter Sagvåg

FAKTA

SNAKKAST PÅ FJORDEN

- Prosjektet er komen i stand via aktivitetsmidlar til friluftsføremål frå Miljø og klimadepartementet, løyvd av Hordaland fylkeskommune.
- Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Ømland Friluftsråd, seglskuta Seladon, Coastering AS, RagnSells, SNSambandet og Kystsogevøkene under fanene vindkraft, årekraft, meistringskraft og berekraft.
- Målet er å binda saman den offisielle opninga og avslutninga av Kystsogevøkene
- Involvera mange av kommunane som er med i Kystsogevøkene.
- Laga aktivitetar der sjøen er hovudarena
- Rommar naturopplevingar, kulturhistorie, miljøvern og friluftsliv.
- Skapar meningsfulle oppdrag for seriøse maritime kulturaktørar
- Involverar god samkøyring og ressurssutnytting i samspel
- Vekker ny entusiasme for kystkultur.



I ROBÅT: På låg fjæra måtte ein passa seg slik at dei landa mjukt i robåten. Der skulle elleve elevlar pluss lærar Åse Rønningen vara med Kjell Magne Økland ut på fjorden og læra å samarbeida om årekrafta.



I VINDEN: Fem glade jenter som skal lære å segla, sjømannskap og pålestikk – minst. Maja Hansen; Mathilde Wiik, Tuva Amundsen; Celina Kvernøy og Celina Wilhelmsen. No skal dei få kjenna vindkrafta.



FANN TAKTEN: Litt slitne og mest nøgde; Natalie Hiirn Hollund, Erik Nitter, Natalie Sandal Rolfsnes og Live Farestvedt forsikrar at dei fann takten etter kvart og det var gøy.



MIKROPLAST: I Furuset leika dei seg med å kasta boss på sjøen, som deretter måtte samlast inn igjen. Og dei samla mykje meir enn dei heiv. Små plastbitar, remser og snorer, som elles ville kunna bli til mikroplast. Her står sjuandeklassingane Carmen Kvernernes, Camilla Katla, Hannah Oliva Høgmo Breivik og Ingeborg Rasmussen Sørensen. Og dei ser godt - det trengs når dei minste bitane skal opp i sekken.